Trøndelag .....	13	18	30	24	23	6	8	14	11	15
Nord-Noreg .....	18	17	20	18	24	12	13	13	12	15

Kjelde: Norsk mediebarometer 2007, Statistisk sentralbyrå.

**11.11. Boklesarar som har lese ulike typar bøker ein gjennomsnittsdag, etter kjønn, alder, utdanning, hushaldsinntekt og landsdel. 2000-2007. Prosent**

	Boktype							Anna
	Roman/ novelle	Biografi/ memoarar	Samfunn/ politikk/ kunst/ historie	Natur/ teknikk/ friluft	Religiøs litteratur	Skodespel/ dikt	Barne-/ ungdoms- litteratur	
2000 .....	59	7	8	4	3	2	..	17
2001 .....	64	7	8	2	4	1	8	5
2002 .....	64	3	6	3	5	1	10	8
2003 .....	63	7	6	4	3	1	8	9
2004 .....	54	8	7	3	4	0	11	13
2005 .....	67	3	6	3	4	0	8	8
2006 .....	69	6	7	3	2	0	8	4
2007 .....	67	6	5	3	3	0	8	8
<b>2007</b>								
Menn .....	58	7	8	5	4	0	7	11
Kvinner .....	73	4	4	2	2	0	8	16
<b>Alder</b>								
9-15 år .....	22	2	2	4	8	0	54	8
16-24 " .....	73	5	7	2	2	0	2	9
25-44 " .....	76	5	3	3	1	1	0	11
45-66 " .....	72	6	8	4	3	0	2	5
67-79 " .....	72	12	6	2	2	0	0	6
<b>Utdanning</b>								
Ungdomsskole .....	69	12	6	6	3	0	3	3
Vidaregåande skole .....	78	6	5	2	2	0	1	7
Universitet/høgskole, kort .....	73	4	6	5	3	1	2	7
Universitet/høgskole, lang .....	68	8	7	2	2	0	0	14
<b>Hushaldsinntekt</b>								
1. kvartil .....	68	9	9	1	4	1	0	8
2. kvartil .....	62	5	4	4	3	0	12	9
3. kvartil .....	73	2	5	6	2	0	7	6
4. kvartil .....	63	3	3	2	4	0	12	12
<b>Landsdel</b>								
Oslo/Akershus .....	75	4	3	1	2	0	7	9
Austlandet elles .....	68	6	4	3	3	0	8	7
Agder og Rogaland .....	65	7	8	2	7	0	8	4
Vestlandet .....	59	5	8	8	3	2	9	6
Trøndelag .....	62	0	6	5	3	0	12	13
Nord-Noreg .....	63	12	8	3	3	0	5	8

Kjelde: Norsk mediebarometer 2007, Statistisk sentralbyrå.

## 12. Aviser, vekepresse og fagpresse


### 12.1. Nokre resultat

*Avisene* Ved utgangen av 2007 var det 228 aviser i Noreg, det same talet som i 2006 viss ein ser bort frå ei avis som ikkje lenger blir rekna som avis. Siste året blei det oppretta to nye aviser (begge lokal vekeavis), ei avis er blitt gratisavis og ei avis er lagd ned. Samla avisopplag i 2007 var 2 844 000. Avisopplaget viser framleis nedgang, og ligg såleis 24 000 lågare enn i 2006 (korrigert for avisa som ikkje lenger er rekna som avis). 2007 er det niande året på rad med nedgang i opplagstala (Avisåret 2007, Sigurd Høst).

Veksten i opplaget for dei lokale vekeavisene ser ut til å ha flata ut i 2007, men sidan 2001 har auken i opplagstala vore på 40 prosent. Samla opplag for dei lokale vekeavisene i 2007 var på 140 000, det same som i 2006. Laussalsavisene går framleis attende, sidan 2001 er opplagstalet redusert med om lag 20 prosent, siste året med 3,7 prosent. Lokale dagsaviser, nr. 2 har hatt stabile opplagstal dei siste fire åra.

Statistikken over norske aviser på Internett er ikkje oppdatert i 2007. Sjå Kulturstatistikk 2006 for oversikt over avisene på Internett.


Figur 12.1. Aviser. Opplagstal, etter type. 2001-2007



<sup>1</sup>Ei avis som før 2007 blei rekna som avis, er ikkje lenger med i statistikken. <sup>2</sup>Aftenposten, Bergens Tidende, Adresseavisen og Stavanger Aftenblad.

Kjelde: Avisåret 2007, Sigurd Høst, Høgskulen i Volda/Møreforsking Volda.

Figur 12.2. Aviser. Opplagstal for dei største avisene. 2004-2007




Kjelde: Avisåret 2007, Sigurd Høst, Høgskulen i Volda/Møreforskning Volda.

### Vekepressa

I 2007 hadde magasinene som er medlemmer i Magasin- og UkepresseForeningen eit samla gjennomsnittleg nettoopplag per nummer på 3,2 millionar. Opplagstala for 2007 er litt høgare enn for 2006 som var på 3,1 millionar. Statistikken for 2007 omfattar 71 magasin, tre fleire enn i 2006. Seks nye magasin er kome til, medan tre ikkje var gitt ut. I 2005 var 79 magasin representerte i statistikken. Dei siste ti åra har 25 magasin vore stabile og med i statistikken.


Figur 12.3. Medlemmer i Foreningen Norsk Ukepresse. Gjennomsnittleg nettoopplag per nummer for dei største magasinene. 2003-2007



Kjelde: Magasin- og UkepresseForeningen.

### Fagpresse


Det er vanskeleg å gi eit samla tal for opplaget til fagpressa. Men ein kan fastslå at det er eit stort mangfald blant dei ulike kategoriane magasin og blad. Sjølv om nokre blad kan vere førte opp i fleire kategoriar, kan ein rekne samla opplag til over 7,3 millionar i 2007. Samla opplagstal har vore aukande dei siste åra. Talet på ulike magasin og blad ser òg ut til å auke. Gruppa Offentleg verksemd, undervisning, forskning mv. hadde flest magasin i 2007 og hadde størst auke i opplagstala.

**Figur 12.4 Fagpresse. Opplag per utgiving, etter gruppe<sup>1 2 3</sup>. 2003-2007**

<sup>1</sup> Omfattar berre medlemmer av Den norske fagpresses forening. <sup>2</sup> Grupperinga er utarbeidd av Den norske fagpresses forening. <sup>3</sup> Nokre periodika er førte opp under fleire kategoriar.  
Kjelde: Den norske fagpresses forening.

Sju av ti les trykte aviser ein gjennomsnittsdag

72 prosent av befolkninga i alderen 9-79 år las ei papiravis ein gjennomsnittsdag i 2007 syner tal frå Norsk mediebarometer 2007. Dette er den lågaste delen avislesarar som er observert sidan undersøkinga starta i 1991. I 2006 synte tala at like mange kvinner som menn las ei papiravis, mens i 2007 las ein prosent fleire menn avis ein gjennomsnittsdag. Menn og kvinner brukte like lang tid på avislesing i 2007 som i 2006, respektive 30 og 27 minutt ein gjennomsnittsdag. I den eldste aldersgruppa, 67-79 år, les framleis 90 prosent ei avis ein gjennomsnittsdag, sjølv om dette er 4 prosentpoeng lågare enn førre året. Men sjølv om det er litt færre lesarar i denne aldersgruppa, så las dei 2 minutt lenger enn i 2006. Det er òg blant dei unge aldersgruppene vi finn størst nedgang i lesinga av papiraviser. I 2007 las dei med høgast utdanning 37 minutt og dei med lågast utdanning 27 minutt.

**Figur 12.5. Avislesing blant personar 9-79 år ein gjennomsnittsdag, etter kjønn. 1991-2007. Prosent**

Kjelde: Norsk mediebarometer 2007.

## 12.2. Bakgrunn for datagrunnlaget

*Avisene* Statistikken over avislandskapet er utarbeidd av Sigurd Høst ved Høgskulen i Volda/Møreforskning Volda og baserer seg på publikasjonen Avisåret 2007 (Avisåret 2007, Sigurd Høst). Formålet med rapportserien Avisåret er at den skal dekkje alle norske aviser, sjølv om dei ikkje er medlemmer av Mediebedriftenes Landsforening (MBL) eller Landslaget for Lokalaviser (LLA). Det viktigaste grunnlaget for statistikken er opplysningar frå MBL, LLA og Medietilsynet. Statistikken over aviser på Internett er utarbeidd spesielt for rapportserien Avisåret.

*Vekepressa* Statistikken over norsk vekepresse baserer seg på opplysningar frå Magasin- og UkepresseForeningen og dekkjer dei magasinane som er medlemmer. Foreninga sitt formål er å ta vare på felles interesser på vegner av vekepressa overfor samfunnet, styresmaktene, andre organisasjonar og allmenta og er ansvarleg for årleg kontroll av opplagstal og tek seg av utgivarane sine interesser overfor Kopinor når det gjeld kopieringsvederlag ([www.ukepressen.no](http://www.ukepressen.no)).

*Fagpressa* Statistikken for fagpressa er utarbeidd på grunnlag av materiale frå Fagpressens Informasjonskontor publisert i Fagpressekatalogen. Oppgåvene omfattar berre medlemmer av Den norske fagpresses forening. Grupperinga som tidsskrifta er delte inn i, er utarbeidd av Den norske fagpresses forening. Fagpressa består av eit stort mangfald av fagblad, interesse-, hobby- og bransjeblad. Det er vanskeleg å gi eit samla tal for opplaget til fagpressa fordi nokre periodika er førte opp under fleire kategoriar.

*Mediebruksundersøkingane* Tala som omhandlar bruk av avis og blad er henta frå den årlege mediebruksundersøkinga til Statistisk sentralbyrå. Tala for 2007 er henta frå Norsk mediebarometer 2007. Termen *kvartil* representerer om lag ein fjerdedel av utvalet i undersøkinga i kvar gruppe. Talet i kvar gruppe vil variere noko frå år til år.

### 12.2.1. Omgrep

*Avis* Avis i denne statistikken er meint alle publikasjonar som kjem ut minst ein gong per veke, og som fyller dei opphavlege reglane for listeføring som avis. Det inneber at dei skal "orientere allmenta om hendingar og aktuelle spørsmål", ta reell betaling for abonnement og laussal, og ha mindre enn 50 prosent annonsar. (Institutt for Journalistikk, Rapport 3/2004).

*Vekepresse* Vekepresse er eit samleomgrep for vekeblad og andre magasin. Nokre av magasinane kjem ut sjeldnare enn kvar veke. Tala som vert presenterte er gjennomsnittleg nettoopplag per nummer.

#### Referansar:

Avisåret 2007, Sigurd Høst, Høgskulen i Volda/Møreforskning Volda  
Institutt for journalistikk, Rapport 3/2004.

Norsk ukepresse: <http://www.ukepressen.no/>

#### Nyttige internettadresser, sjå:

Institutt for Journalistikk: <http://www.ij.no/>

Høgskulen i Volda: <http://www.hivolda.no>

Mediebedriftenes Landsforening: <http://www.aviskatalogen.no/>

Landslaget for Lokalaviser: <http://www.lla.no/>

Den norske fagpresses forening: <http://www.fagpressen.no/>

Norsk mediebarometer 2006: <http://www.ssb.no/medie>

medienorge: <http://www.medienorge.uib.no>

## 12.1. Aviser, etter type og opplag. 2003-2007

	2003		2004		2005		2006		2007	
	Aviser i alt	Opplag, 1 000	Aviser i alt	Opplag, 1 000	Aviser i alt	Opplag, 1 000	Aviser i alt	Opplag, 1 000	Aviser i alt	Opplag, 1 000
<b>I alt .....</b>	<b>223</b>	<b>3 056</b>	<b>226</b>	<b>3 020</b>	<b>226</b>	<b>2 948</b>	<b>229</b>	<b><sup>1</sup>2 876</b>	<b><sup>2</sup>228</b>	<b>2 844</b>
Laussalsaviser .....	2	566	2	548	2	506	2	462	2	445
Storbyaviser <sup>3</sup> .....	4	503	4	493	4	488	4	482	4	486
Nr.2-aviser i store byar	3	78	3	80	3	80	3	76	3	73
Riksspreidde meningsbêrande aviser	6	151	6	153	6	160	6	163	6	169
Leiande lokale dagsaviser .....	56	934	56	923	56	909	56	896	56	885
Lokale dagsaviser, nr 2	2	34	2	33	2	33	2	33	2	33
Lokale 2-3 dagarsaviser	79	403	79	403	80	400	79	390	79	392
Lokale vekeaviser .....	54	119	57	123	57	123	62	140	62	140
Nasjonale fådagarsaviser .....	16	113	16	116	15	108	14	96	13	90
Aftenposten Aften .....	1	155	1	148	1	142	1	137	1	131

<sup>1</sup>På grunn av avrundingar stemmer ikkje summene heilt. <sup>2</sup>Ei avis som før 2007 blei rekna som avis, er ikkje lenger med i statistikken. <sup>3</sup>Aftenposten, Bergens Tidende, Adresseavisen og Stavanger Aftenblad.

Kjelde: Avisåret 2007, Sigurd Høst, Høgskulen i Volda/Møreforsking Volda.

12.2. Vekepresse<sup>1</sup>. Gjennomsnittleg nettoopplag per nummer, 1997-2007

	1997	1999	2001	2003	2005	2006	2007
<b>I alt</b> .....	<b>2 476 726</b>	<b>2 413 793</b>	<b>2 593 394</b>	<b>2 953 005</b>	<b>3 393 262</b>	<b>3 125 360</b>	<b>3 174 758</b>
Allers .....	123 578	113 820	112 095	115 685	101 206	97 162	81 549
Allers Kryss og Tvers .....	20 244	21 750	19 249	16 853	..	..	..
Alt om Fiske .....	28 855	25 607	25 021	23 586	22 516	20 461	21 254
Auto Motor Sport .....	..	..	..	..	21 452	16 645	22 639
Autobørsen .....	..	..	..	7 878	7 146	..	..
Autofil .....	..	..	..	53 614	42 918	36 863	34 309
Bedre Helse .....	49 965	33 706	35 103	36 009	34 582	29 992	31 652
Bil .....	56 764	53 319	51 388	55 351	56 865	53 784	52 368
Billy .....	..	..	..	..	18 327	..	..
Bilmarkedet .....	..	..	12 654	9 591	8 834	..	..
Bo bedre .....	..	..	..	..	32 281	32 024	32 625
Boligpluss .....	..	..	..	..	..	..	40 612
Bonytt .....	70 089	60 360	67 849	71 112	66 679	62 855	59 829
Båter til salgs .....	11 585	12 834	8 094	7 880	6 697	..	..
Båtmagasinet .....	26 401	25 199	23 516	25 303	23 068	21 199	21 854
Båtmarkedet .....	..	..	9 248	10 367	8 808	..	..
C! .....	..	..	..	..	24 260	26 775	37 004
Chica .....	..	..	..	..	16 013	..	..
Cosmopolitan .....	..	..	..	..	37 054	29 199	28 790
Costume .....	..	..	..	..	..	28 641	28 639
D! .....	..	..	..	..	37 207	43 041	39 079
Det Nye .....	66 144	79 700	72 058	70 274	62 284	59 023	52 798
Det Nye Makeup & Hår .....	..	..	..	24 566	22 270	19 220	..
Digital Foto .....	..	..	..	..	13 115	12 207	11 726
Donald Duck & Co .....	174 792	173 733	151 977	137 999	122 326	117 926	111 367
DVD & Hjemmekino .....	..	..	..	10 912	11 970	11 959	..
Elle .....	..	..	..	32 333	31 254	33 356	34 528
Elle Interiør .....	..	..	..	25 843	21 592	21 889	20 741
Eva .....	..	..	..	..	33 099	27 139	25 870
Familien .....	164 922	168 843	161 195	148 529	138 539	132 901	129 367
Fantomet .....	..	20 647	13 362	13 762	11 256	..	..
FHM .....	..	..	..	..	50 062	51 945	54 146
Foreldre & Barn .....	63 115	60 621	54 445	49 596	50 463	49 772	52 506
Fri Flyt .....	..	..	..	9 012	10 264	10 377	11 128
Gatebil .....	..	..	..	..	30 672	27 750	24 166
Girls .....	17 657	..	..	..	10 567	7 140	10 449
Gjør det selv .....	..	..	..	..	29 285	25 309	25 775
Goal .....	8 256	8 052	4 844	5 354	..	..	..
Gravid .....	17 086	13 834	14 862	13 602	14 327	15 291	14 772
Hagen for alle .....	..	..	..	..	..	..	12 869
HENNE .....	60 397	55 166	60 069	52 007	48 584	44 299	39 318
Her og Nå .....	..	..	100 150	193 104	184 780	176 595	179 422
HjemmePC .....	30 507	35 897	34 362	28 754	28 599	29 456	29 670
Hjemmet .....	256 649	253 454	240 008	236 630	220 735	213 188	206 543
Hjerner gymnastikk .....	..	..	..	..	5 259	..	..
Hytteliv .....	49 714	52 373	54 648	59 609	60 732	60 885	61 043
I form .....	..	..	..	..	32 981	39 033	40 557
Illustrert vitenskap .....	..	..	..	..	75 229	74 269	76 113
Illustrert vitenskap historie .....	..	..	..	..	12 263	13 516	22 808
In-side Magazine .....	..	26 836	26 385	30 619	28 283	25 183	16 853
Jakt .....	28 575	28 460	23 710	21 628	21 253	22 272	21 743
Jeger, Hund & Våpen .....	22 068	22 256	25 027	24 252	20 455	19 416	18 384
Julia .....	..	..	..	22 938	23 307	18 129	19 528
Kamille .....	..	..	..	..	55 818	37 664	46 213
Kaptein Sabeltann .....	..	..	14 372	..	..	..	..
KK .....	84 425	74 449	70 123	70 269	71 297	62 193	54 809
KK Kropp .....	..	..	..	..	..	..	20 308
Komputer for alle .....	..	..	..	..	24 055	19 959	18 509
Mag .....	..	34 723	30 804	31 745	34 237	31 961	36 092
Mann .....	..	..	10 602	15 713	16 573	16 094	15 348
Max Power .....	..	..	..	..	17 449	13 697	11 145
MC-børsen .....	..	..	..	7 525	6 559	..	..
Mikke Mus .....	32 205	28 961	23 963	13 553	..	..	..
Motorbørsen .....	14 738	17 879	15 833	18 262	15 822	14 500	10 668
National Geographic .....	..	..	..	..	19 732	17 465	16 851
Nemi .....	..	..	..	46 287	32 735	..	..
Norsk Golf .....	..	..	57 545	69 574	71 968	75 022	75 626
Norsk Motorveteran .....	..	..	..	..	..	..	13 727
Norsk Ukeblad .....	204 043	183 952	167 491	153 655	131 361	126 382	126 591
PC PRO .....	..	..	11 076	14 702	..	..	..
Playstation .....	..	..	10 094	5 791	..	..	..
Programbladet .....	61 720	49 668	48 049	35 879	..	..	..
Puls .....	..	..	..	..	25 762	17 577	..
På TV .....	..	..	..	..	..	..	43 564
Red .....	..	..	..	..	16 839	..	..
Rom 123 .....	..	..	..	..	..	..	32 477



**12.2 (framh.). Vekepresse<sup>1</sup>. Gjennomsnittleg nettoopplag per nummer, 1997-2007**

	1997	1999	2001	2003	2005	2006	2007
Samler & Antikkbørsen .....	16 462	18 001	17 512	16 802	17 506	16 992	16 566
Se og Hør .....	391 745	396 832	425 483	..	..	..	..
Se og Hør Kryss og Quiz .....	40 746	<sup>2</sup> 20 219	19 867	17 850	..	..	..
Se og Hør tirsdagsutgave .....	..	..	..	303 177	269 521	267 251	235 695
Se og Hør weekendutgave .....	..	..	..	214 063	183 100	185 897	175 517
Seilmagasinet .....	..	..	10 369	10 559	..	..	..
Shape-Up .....	25 854	28 401	27 972	29 256	21 634	21 660	22 833
Spid bedre .....	..	..	..	..	29 729	16 870	14 041
Tara .....	..	..	..	..	20 491	24 244	31 328
Terrengsykkel .....	..	..	..	..	4 123	4 515	5 505
Topp .....	57 217	43 860	45 032	54 610	45 041	42 929	43 941
TVGuiden .....	..	..	..	..	29 654	28 897	25 894
Vagabond .....	..	..	..	..	9 050	10 560	11 119
Vi Menn .....	119 554	106 736	103 515	107 769	93 803	92 019	96 827
Vi Menn bil .....	..	..	6 074	5 938	2 187	..	..
Vi Menn båt .....	..	..	11 999	11 515	9 452	9 157	9 391
Vi Menn Fotball .....	..	..	7 152	5 548	..	..	..
Villmarksliv .....	80 654	63 645	57 148	48 411	46 496	45 589	43 800
Wendy .....	..	..	..	..	17 062	16 155	14 441
Witch .....	..	..	..	..	22 814	16 361	13 351
Woman .....	..	..	..	..	39 674	35 664	36 188

<sup>1</sup> Omfattar vekepresse som er medlemmer av Magasin- og Ukepresseforeningen. <sup>2</sup> Endra utgivingsfrekvens i 1998.

Kjelde: Magasin- og UkepresseForeningen.

**12.3. Fagpresse. Talet på periodika<sup>1</sup> og opplag per utgiving, etter gruppe<sup>2,3</sup>. 2003-2007**

Gruppe	2003		2005		2007	
	Periodika	Opplag	Periodika	Opplag	Periodika	Opplag
Landbruk og fiske .....	17	380 216	17	399 060	19	405 776
Industri, teknikk og handverk .....	66	1 094 594	69	1 239 585	79	1 341 429
Bygg og anlegg .....	26	476 334	22	460 276	26	499 928
Varehandel, hotell og storkjøkken ..	25	171 036	27	189 968	28	194 336
Transport og samferdsel .....	11	485 518	8	481 680	11	533 617
Tenesteyting, økonomi mv. ....	31	510 943	33	578 231	38	664 450
Offentleg verksemd, undervisning, forskning mv. ....	58	992 343	55	941 803	82	1 239 600
Helse-, sosial- og veterinærtenester .....	41	995 059	43	892 931	58	1 002 676
Kultur og fritid .....	45	1 303 490	44	1 324 141	58	1 422 110

<sup>1</sup> Omfattar berre medlemmer av Den norske fagpresses forening. <sup>2</sup> Grupperinga er utarbeidd av Den norske fagpresses forening. <sup>3</sup> Nokre periodika er førte opp under fleire kategoriar.

Kjelde: Den norske fagpresses forening.

**12.4. Minutt brukt til lesing av avis, vekeblad, teikneserieblad og tidsskrift ein gjennomsnittsdag. 2002-2007**

	Avis				Vekeblad				Teikneserieblad				Tidsskrift			
	2002	2004	2006	2007	2002	2004	2006	2007	2002	2004	2006	2007	2002	2004	2006	2007
<b>Aller personar .....</b>	<b>31</b>	<b>30</b>	<b>29</b>	<b>29</b>	<b>5</b>	<b>5</b>	<b>4</b>	<b>4</b>	<b>2</b>	<b>2</b>	<b>2</b>	<b>2</b>	<b>4</b>	<b>4</b>	<b>3</b>	<b>3</b>
<b>Kjønn</b>																
Menn .....	34	30	30	30	2	3	2	2	3	2	2	2	4	5	3	3
Kvinner .....	28	30	27	27	7	8	7	6	1	1	1	1	3	2	3	3
<b>Alder</b>																
9-15 år .....	9	6	9	5	3	3	3	2	9	7	7	8	2	1	0	0
16-24 " .....	16	15	14	15	5	4	3	3	4	3	3	3	2	3	1	2
25-44 " .....	28	27	24	24	4	5	5	3	1	1	1	1	3	3	4	3
45-66 " .....	42	42	40	39	4	5	4	5	0	0	0	0	5	5	3	4
67-79 " .....	52	56	52	54	10	10	8	9	0	0	0	0	5	4	5	5
<b>Hushaldsinntekt</b>																
1. kvartil .....	40	30	27	34	8	8	6	6	1	1	1	1	4	4	4	4
2. kvartil .....	38	32	32	29	5	5	4	4	2	2	2	2	3	3	3	3
3. kvartil .....	35	31	29	27	4	5	4	3	2	1	2	2	4	3	3	3
4. kvartil .....	40	31	30	30	2	4	4	3	2	2	2	1	4	4	4	3
<b>Landsdel</b>																
Oslo/Akershus .....	38	33	30	32	3	4	4	3	2	1	1	1	4	4	3	3
Austlandet elles .....	30	32	31	28	5	5	4	5	2	2	1	1	3	3	3	2
Agder og Rogaland ....	30	28	22	28	4	5	5	4	2	2	2	1	5	5	2	4
Vestlandet .....	29	29	30	27	6	4	4	3	2	2	3	2	5	4	4	2
Trøndelag .....	30	33	29	28	7	7	3	4	1	2	2	1	4	2	3	4
Nord-Noreg .....	27	26	27	26	5	7	5	4	2	3	2	3	3	4	2	3

Kjelde: Norsk mediebarometer 2007, Statistisk sentralbyrå.

## 13. Film og kino


### 13.1. Nokre resultat

*Svakt kinoår* På heile 2000-talet har kinoane hatt eit årleg besøk på mellom 11 og 13 millionar. 2007 blei eit svakt kinoår med litt under 11 millionar besøk eller 2,3 kinobesøk per innbyggjar. I 2006 var det 2,6 besøk per innbyggjar.

Sjølv om talet på kinobesøk gjekk ned i 2007, har delen besøk på norske filmar gått litt opp, til over 16 prosent. Det har vore nedgang i kinobesøket i alle fylka unntatte Finnmark der kinobesøket har auka med nær 4 prosent. 19 890 filmtitlar i 2007 blei viste på 297 188 framvisningar. 3 015 eller 15 prosent av desse filmtitlane var norske. Til samanlikning var delen norske filmtitlar 13 prosent i 2006. Jf. figur 13.1 og tabellane 13.1 og 13.2.

Det var nokre færre langfilmpremierar totalt i 2007 enn i 2006, ein nedgang på 4, mens talet på dei norske langfilmpremierane heldt seg stabilt på 23, av dette ein samproduksjon, jf. tabell 13.3.

**Figur 13.1. Kinobesøk. Utanlandske og norske filmar. 2000-2007. 1 000 personar**



Kjelde: FILM&KINO.

*Færre sitjeplassar* Dei siste åra har talet på sitjeplassar i dei norske kinoane gått nedover. Sidan 2004 er talet totalt redusert med 4 760 sitjeplassar. Over halvparten av nedgangen i talet på sitjeplassar kom i 2007 med 2 475. Sjølv om det er kome til eit nytt kommunalt kinobygg og totalt 9 nye kinosalar i 2007, har nedgangen i sitjeplassar vore størst i dei kommunale kinoane med 1 500 i 2007. I 2007 var det 162 kommunale kinobygg med 61 630 sitjeplassar. Dei siste fire åra har det blitt 17 færre ikkje-kommunale kinobygg, og i 2007 var det 67 ikkje-kommunale kinobygg. Talet på kinosalar i dei ikkje-kommunale kinoane har òg gått ned i denne perioden frå 128 til 116 salar. Bygdekinoen hadde 236 framvisningsstader i 2007, dette er ein auke på 33 i høve til 2004.

*Vurderte filmar* I 2007 vurderte Medietilsynet 251 spelefilm, 15 fleire enn i 2006 og det høgaste talet på fleire år. 23 filmar blei vurderte til berre å vere tillatne for vaksne over 18 år. 33 kortfilm blei registrerte ved Medietilsynet i 2007. Praksisen ved vurdering av film blei lagt om i 2005, jf. pkt. 13.2 og SA Kulturstatistikk 2005, kapittel 13.

*Filmsamlingane* Tabell 13.5 viser samlingar og tilveksten av samlingar ved Norsk Filminstitutt. På slutten av 2007 inneheldt samlingane 20 500 filmar. 5 prosent av filmene er norske langfilm og 44 prosent er norske kortfilm. Totalt var tilveksten 455 filmar frå

2006 til 2007. Den prosentvise tilveksten er størst for dei norske langfilmene med 5 prosent.

#### 209 kortfilmer med tilskot


Tal frå Norsk filmfond, jf. tabell 13.6, syner at 209 kortfilmprosjekt fekk tilskot i 2007. Samstundes blei 92 kortfilmer ferdigstilte. Prosjekta fekk tilskota gjennom Norsk filmfond, Fond for lyd og bilete, Vestnorsk filmsenter og Nordnorsk filmsenter. Flest filmar, 72, fekk tilskot frå Fond for lyd og bilete i 2007, mens ingen filmar med tilskot frå dette fondet vart ferdigstilte i 2007.

Tabell 13.7 syner meir detaljerte tal frå Norsk filmfond for åra 2004-2007.

#### To av tre går på kino per år

Tal frå Mediebarometeret 2007 syner at delen som har vore på kino dei siste tolv månadene ligg på 67 prosent, det same som året før. Delen menn og kvinner som gjekk på kino i 2007 er like høg. Ser ein på alder er forskjellane store. Blant personar i alderen 16-24 år hadde 93 prosent vore på kino siste tolv månadene, blant personar over 45 år hadde under halvparten vore på kino. Dei med høg utdanning og inntekt går meir på kino enn andre grupper.

**Figur 13.2** Personar som har vore på kino dei siste 12 månadene, etter kjønn. 1994-2007. Prosent



Kjelde: Norsk mediebarometer 2007, Statistisk sentralbyrå.

## 13.2. Om statistikken og dei ulike organisasjonane

### FILM&KINO

FILM&KINO er ein kombinasjon av ein medlemsorganisasjon for norske kommunar og ein bransjeorganisasjon for kino- og videobrandsjen. Organisasjonen forvaltar Norsk kino- og filmfond (NKFF) og driv i tillegg Bygdekinoen og tidsskriftet FILM&KINO. (FILM&KINO).

### Norsk filmfond

Norsk filmfond (frå 2008 Norsk filminstitutt) forvaltar statlege tilskotsordningar for utvikling og produksjon av film, fjernsynsprogram og interaktive prosjekt. Fondet disponerte 264 millionar kroner i 2007. Norsk filmfond hjelper òg Kultur- og kyrkjedepartementet i filmfaglege spørsmål og tek vare på oppgåver knytte til EURIMAGES OG MEDIA Desk Noreg. Norsk filmfond vart etablert 1. juli 2001. (<http://www.filmfondet.no>).

### Norsk filminstitutt

Norsk filminstitutt skal ta vare på, formidle og profilere norsk og utanlands film for å gjere film som kunst- og kulturuttrykk synleg og sett. Hovudformåla til Norsk filminstitutt er; ta vare på og restaurere film, distribuere og vise film, profilere og informere om film i Noreg og profilere norske film i utlandet. Norsk filminstitutt ligg under Kultur- og kyrkjedepartementet (Norsk filminstitutt. <http://www.nfi.no>).

*Medietilsynet* Oppgåvene til Medietilsynet (tidlegare Statens filmtilsyn) er mellom anna gitt i lov om film og videogram (film-og videogramlova) av 15. mai 1987 nr. 21. Lova gir reglar om førehandskontroll og fastsetjing av aldersgrenser for film og video som skal visast i næring. Vidare gir film- og videogramlova reglar for merking og registrering av videogram som skal omsettast i næring.

Tre forskrifter er gjevne til film og videogramlova. Desse omhandlar film og videogram, vilkår for løyve til å prente registreringsmerket til Medietilsynet på omslag og kassett og reglar om merking ved elektronisk omsetning av videogram (Medietilsynet. <http://www.medietilsynet.no>).

*Mediebruksundersøkingane* Talet på kinobesøk for 2007 er henta frå Norsk mediebarometer 2007. Termen kvartil representerer ei gruppe med om lag ein fjerdedel av utvalet i undersøkinga. Talet i kvar gruppe vil variere noko frå år til år.

### 13.3. Omfang, publisering og samanlikningar

Statistikken over kinoaktiviteten omfattar alle kinoane i Noreg. Statistikken blir publisert i tidsskriftet FILM&KINO, samt på internettsidane til kino.no. Delar av statistikken blir òg publiserte i Statistisk årbok. Nokre tal for kinoane blir òg publiserte i KOSTRA, om KOSTRA sjå kapittel 1.2 og 1.3.

Film- og kinostatistikken kan samanliknast over tid og med film- og kinostatistikken til andre land.

#### Referansar:

FILM&KINO: <http://www.filmweb.no/filmogkino/>

Norsk filmfond: <http://www.filmfondet.no/>

Norsk filminstitutt: <http://www.nfi.no>

Medietilsynet: <http://www.medietilsynet.no/>

#### Nyttige internettdresser for film og kino:

FILM&KINO: <http://www.filmweb.no/filmogkino/>

Medietilsynet: <http://www.medietilsynet.no/>

Norsk filmfond: <http://www.filmfondet.no/>

Norsk filminstitutt: <http://www.nfi.no/>

Norsk mediebarometer 2007, SSB: <http://www.ssb.no/medie>

## 13.1. Besøk ved kinoane, etter kinotype og fylke. 2001-2007

	Besøk i alt	Besøk				Per innbyggjar <sup>1</sup>
		Ved kommunale kinoar	Ved private kinoar	Ved bygdekinoar		
2001	12 477 164	10 761 725	1 566 446	148 993	2,8	
2002	12 041 422	9 976 579	1 934 206	130 637	2,6	
2003	13 049 067	10 758 367	2 156 809	133 891	2,9	
2004	11 966 254	9 671 796	2 148 667	145 791	2,6	
2005	11 314 081	9 078 088	2 101 469	134 524	2,4	
2006	12 012 493	9 560 709	2 303 726	148 058	2,6	
2007	10 815 700	8 619 801	2 068 216	127 683	2,3	
<b>2007</b>						
Østfold	523 975	409 936	112 262	1 777	2,0	
Akershus	1 138 185	326 307	806 878	5 000	2,2	
Oslo	2 211 924	2 205 992	4 213	1 719	4,0	
Hedmark	262 148	258 449	-	3 699	1,4	
Oppland	250 760	240 380	2 243	8 137	1,4	
Buskerud	495 747	175 191	313 296	7 260	2,0	
Vestfold	423 303	181 126	241 261	916	1,9	
Telemark	338 720	203 152	128 976	6 592	2,0	
Aust-Agder	201 790	72 144	124 223	5 423	1,9	
Vest-Agder	433 961	432 003	-	1 958	2,7	
Rogaland	1 031 697	1 019 899	8 305	3 493	2,6	
Hordaland	1 281 708	1 234 473	22 995	24 240	2,8	
Sogn og Fjordane	127 019	80 376	36 078	10 565	1,2	
Møre og Romsdal	309 829	275 881	25 976	7 972	1,3	
Sør-Trøndelag	772 073	765 753	2 007	4 313	2,8	
Nord-Trøndelag	184 748	177 033	768	6 947	1,4	
Nordland	343 083	170 612	162 206	10 265	1,5	
Troms Romsa	377 618	301 282	68 749	7 587	2,4	
Finnmark Finnmarku	103 786	89 812	4 154	9 820	1,4	
Svalbard <sup>2</sup>	3 626	-	3 626	-	-	

<sup>1</sup> Berekna tal. <sup>2</sup> Personar busette på Svalbard er som regel registrert busette i ein norsk kommune.

Kjelde: FILM&KINO og Bygdekinoen.

## 13.2. Verksemda ved kinoane, etter eigarform. 2001-2007

	Kino-bygg i alt	Kino-salar	Sitje-plassar	Framsyingar		Besøk				Billettinntekter, 1 000 kroner	
				I alt	Av dette norske	I alt. 1 000 personar	Av dette norske filmar. 1 000 personar	Besøk på norske filmar. Prosent	Besøk per fram-syning	I alt	Av dette norske filmar
2001	244	597	84 854	244 353	27 277	12 477	1 865	14,9	51,1	689 857	99 881
2002	250	601	86 157	250 062	22 899	12 041	897	7,4	48,2	706 618	47 681
2003	242	604	84 290	258 727	41 374	13 049	2 378	18,2	50,4	815 305	133 781
2004	245	632	86 580	267 269	34 629	11 967	1 777	14,8	44,8	782 127	107 122
2005	241	662	86 146	292 014	37 548	11 314	1 380	12,2	38,7	783 550	98 310
2006	235	658	84 297	303 251	47 365	12 013	1 928	16,0	39,6	852 005	130 095
2007	229	662	81 823	297 188	52 246	10 816	1 779	16,4	36,4	791 190	115 462
Kommunale kinoar i alt	162	310	61 631	222 867	38 755	8 620	1 387	16,1	38,7	629 001	91 694
Private kinoar i alt	67	116	20 192	68 895	12 101	2 068	348	16,8	30,0	155 386	21 690
Bygdekinoar	-	236	-	5 426	1 390	127	43	33,9	23,4	6 802	2 077

Kjelde: FILM&KINO.

## 13.3. Langfilmpremierar, etter produksjonsland. 2005-2007

	2005	2006	2007
<b>I alt</b> .....	<b>230</b>	<b>241</b>	<b>237</b>
<b>Produksjonsland</b>			
Noreg .....	<sup>1</sup> 20	<sup>3</sup> 22	22
Noreg/Sverige .....	..	..	<sup>1</sup> 1
Noreg/USA .....	1	..	..
Sverige .....	16	<sup>1</sup> 10	<sup>1</sup> 9
Canada .....	..	..	3
Danmark .....	13	6	8
Finland .....	..	4	1
Storbritannia .....	11	12	19
Storbritannia/USA .....	..	..	6
Storbritannia/Canada/USA .....	..	2	1
Tyskland .....	5	4	5
Frankrike .....	4	<sup>1</sup> 12	8
Frankrike/USA/Mexico/Italia/ Israel/Irak/Danmark .....	1	4	..
Italia .....	4	3	4
Spania .....	6	1	3
Russland .....	..	1	1
Sør-Korea .....	4	1	1
USA .....	<sup>2</sup> 119	<sup>1</sup> 122	<sup>4</sup> 113
Andre land .....	26	37	32

<sup>1</sup> Av dette ei nyutsending. <sup>2</sup> Av dette fem nyutsendingar. <sup>3</sup> Av dette to nyutsendingar. <sup>4</sup> Av dette fire nyutsendingar.  
Kjelde: FILM&KINO.

## 13.4. Spelefilmar og kortfilmar vurderte av Medietilsynet, etter aldersgrupper. 1995-2007

	1995	1996	1997	1998	1999	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007
<b>Spelefilmar i alt</b> .....	<b>212</b>	<b>215</b>	<b>219</b>	<b>237</b>	<b>241</b>	<b>217</b>	<b>194</b>	<b>213</b>	<b>230</b>	<b>244</b>	<b>238</b>	<b>236</b>	<b>251</b>
<b>Aldersgrupper</b>													
Tillatne for barn 7 år og over ....	30	30	47	57	34	40	31	30	29	35	36	20	28
Tillatne for barn 11 år og over ..	54	45	51	52	60	57	64	76	70	62	62	67	69
Tillatne for ungdom 15 år og over .....	91	82	85	92	89	85	61	75	81	82	79	78	84
Tillatne for vaksne 18 år og over .....	18	19	7	12	14	3	5	6	14	6	12	10	23
Tillatne for alle .....	19	39	29	24	44	32	33	26	36	59	49	61	47
<b>Kortfilmar i alt</b> .....	<b>41</b>	<b>18</b>	<b>36</b>	<b>31</b>	<b>32</b>	<b>49</b>	<b>36</b>	<b>25</b>	<b>21</b>	<b>25</b>	<b>14</b>	<b>32</b>	<b>33</b>
<b>Aldersgrupper</b>													
Tillatne for barn 7 år og over ....	6	3	4	10	10	12	9	2	2	3	0	1	1
Tillatne for barn 11 år og over ..	9	2	2	6	3	8	5	3	2	4	3	8	3
Tillatne for ungdom 15 år og over .....	1	0	3	1	2	5	1	1	1	1	3	3	0
Tillatne for vaksne 18 år og over .....	0	0	1	0	0	0	0	0	0	0	0	0	<sup>1</sup> 28
Tillatne for alle .....	25	13	26	14	17	24	21	19	16	17	8	20	1

<sup>1</sup> Registrert hos Medietilsynet.  
Kjelde: Medietilsynet.

## 13.5. Samlingar ved Norsk Filminstitutt. 1985-2007

	Registrerte titlar per 31. desember									
	1985	1991	1998	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007
<b>I alt</b> .....	<b>7 968</b>	<b>17 642</b>	<b>17 932</b>	<b>18 682</b>	<b>18 910</b>	<b>19 139</b>	<b>19 475</b>	<b>19 803</b>	<b>20 128</b>	<b>20 583</b>
Norske spelefilmar 35 mm .....	465	594	<sup>1</sup> 753	810	824	839	860	878	900	942
Utanlandske spelefilmar 35 mm	1 640	4 100	<sup>2</sup> 5 730	6 335	6 531	6 716	6 961	7 191	7 443	7 759
Norske kortfilmar 16/35 mm ....	4 335	10 274	8 705	8 782	8 800	8 824	8 884	8 949	8 995	9 080
Utanlandske kortfilmar 16/35 mm .....	1 528	2 674	2 744	2 755	2 755	2 760	2 770	2 785	2 790	2 802

<sup>1</sup> Medrekna norske spelefilmar 16 mm. <sup>2</sup> Medrekna utanlandske spelefilmar 16 mm.  
Kjelde: Norsk Filminstitutt.

13.6. Kortfilmer<sup>1</sup> med tilskot. 2005-2007

	Talet på filmar som har fått tilskot			Talet på filmar som er ferdigstilte		
	2005	2006	2007	2005	2006	2007
<b>Totalt</b> .....	<b>114</b>	<b>128</b>	<b>209</b>	<b>74</b>	<b>74</b>	<b>92</b>
<b>Institusjon</b>						
Norsk filmfond .....	41	37	<sup>6</sup> 50	<sup>2</sup> 23	<sup>3</sup> 40	49
Fond for lyd og bilete .....	26	39	<sup>7</sup> 72	10	4	0
Vestnorsk filmsenter .....	<sup>4</sup> 30	<sup>5</sup> 31	<sup>8</sup> 42	21	14	29
Nordnorsk filmsenter .....	17	21	<sup>9</sup> 45	20	16	14

<sup>1</sup> Filmar som har søkt støtteordninga "kortfilm, produksjon" og visingstid på under 72 minutt. <sup>2</sup> Av dette har tre fått ferdigstillings- og etterarbeidsstøtte og to oppblåsings-/kopistøtte. <sup>3</sup> Av dette har to fått etterarbeidsstøtte og fire fått oppblåsings-/kopistøtte. <sup>4</sup> Av dette har to fått kopistøtte. <sup>5</sup> Av dette har ein fått etterarbeidsstøtte og tre kopistøtte. <sup>6</sup> Av desse har to filmar fått utviklingstilskot og 23 marknadsføringstøtte. <sup>7</sup> Av desse har 13 filmar fått utviklingstilskot og ein lanseringstilskot, resten gjeld produksjonsstøtte. <sup>8</sup> Av desse har 9 filmar fått utviklingstilskot, resten gjeld produksjonsstøtte. <sup>9</sup> Av desse har 28 filmar fått utviklingstilskot, resten gjeld produksjonsstøtte.

Kjelde: Norsk filmfond.

## 13.7. Norsk filmfond. Tilskot til audiovisuell produksjon, tal på filmar, type tilskotsordning og beløp. 2004-2007

	2004	2005	2006	2007
<b>Kortfilmer</b>				
Talet på fullførte filmar <sup>1</sup> .....	-	23	40	34
Utviklingstilskot, talet på prosjekt .....	12	18	21	13
Utviklingstilskot, samla tilskot .....	322 000	948 500	1 982 500	1 139 790
Produksjonstilskot, tal prosjekt .....	47	41	37	37
Produksjonstilskot, samla tilskot .....	10 559 800	12 730 500	15 959 800	14 675 287
<b>Kinofilmar<sup>2</sup>, fiksjon og dokumentar</b>				
Talet på filmpremiérar .....	23	26	22	22
Billettstøtte, talet på filmar <sup>3</sup> .....	29	26	33	31
Billettstøtte, samla utbetaling .....	57 154 200	49 326 400	67 394 700	58 625 637
Utviklingstilskot, talet på prosjekt .....	41	46	35	87
Utviklingstilskot, samla tilskot .....	5 346 000	7 055 100	6 324 900	19 611 273
Produksjonstilskot, talet på prosjekt .....	29	25	18	28
Produksjonstilskot, samla tilskot .....	109 816 900	121 731 000	125 129 700	145 741 650
Lanseringstilskot, talet på prosjekt .....	18	14	19	37
Lanseringstilskot, samla tilskot .....	15 090 800	10 938 300	17 733 500	35 100 000
<b>TV-produksjonar, enkeltstående</b>				
Talet på fullførte produksjonar/viste .....	-	-	-	-
Utviklingstilskot, talet på prosjekt .....	33	36	46	<sup>5</sup> 26
Utviklingstilskot, samla tilskot .....	3 685 000	2 354 000	2 681 000	<sup>5</sup> 3 008 262
Produksjonstilskot, talet på prosjekt .....	28	26	30	<sup>5</sup> 25
Produksjonstilskot, samla tilskot .....	6 950 000	7 198 000	6 114 000	<sup>5</sup> 7 432 000
<b>Dokumentarseriar for TV</b>				
Talet på fullførte produksjonar/viste .....	-	-	-	-
Utviklingstilskot, talet på prosjekt .....	-	-	3	5
Utviklingstilskot, samla tilskot .....	-	-	245 000	700 000
Produksjonstilskot, talet på prosjekt .....	-	-	4	2
Produksjonstilskot, samla tilskot .....	-	-	3 250 000	1 825 000
<b>Drama, TV-seriar</b>				
Talet på fullførte produksjonar/viste .....	-	-	-	5
Utviklingstilskot, talet på prosjekt .....	19	16	8	13
Utviklingstilskot, samla tilskot .....	2 660 700	2 539 100	1 090 000	2 709 200
Produksjonstilskot, talet på prosjekt .....	7	8	5	5
Produksjonstilskot, samla tilskot .....	13 696 300	13 998 300	21 940 000	21 710 000
<b>Nye medium<sup>4</sup></b>				
Utviklingstilskot, talet på prosjekt .....	7	6	6	9
Utviklingstilskot, samla tilskot .....	8 000 000	5 000 000	5 397 700	6 000 000

<sup>1</sup> Fullførte kortfilmer har sjeldan "premiere". <sup>2</sup> Spelefilm/kinofilm har minimum visingstid 72 minutt. Tala inkluderer óg kortfilmer med kinodistribusjon, kinodokument og minoritets-/samproduksjonar med utlandet. <sup>3</sup> Høgare tal enn talet på premiérar kjem av overheng og reprisar frå tidlegare år. <sup>4</sup> I praksis dataspel. <sup>5</sup> Frå 2007 berre enkeltstående dokumentarar.

Kjelde: Norsk filmfond/Norsk filminstitut.

**13.8. Besøk på kino, etter kjønn, alder, utdanning, hushaldsinntekt og landsdel. 1997-2007. Gjennomsnitt og prosent**

	Prosent					Besøk i gjennomsnitt				
	1997	2000	2004	2006	2007	1997	2000	2004	2006	2007
<b>Prosentdel, alle</b> .....	<b>60</b>	<b>65</b>	<b>68</b>	<b>67</b>	<b>67</b>	<b>3,6</b>	<b>4,3</b>	<b>4,1</b>	<b>3,7</b>	<b>3,6</b>
<b>Kjønn</b>										
Menn .....	59	64	68	66	67	3,6	4,3	4,4	3,7	3,8
Kvinner .....	61	66	68	69	67	3,6	4,2	3,8	3,6	3,4
<b>Alder</b>										
9-15 år .....	89	91	91	91	90	5,0	5,1	5,2	4,7	4,7
16-24 " .....	93	95	91	89	93	8,8	10,0	8,1	7,1	6,7
25-44 " .....	69	71	80	81	80	3,9	4,5	4,9	4,2	4,4
45-66 " .....	40	46	50	47	49	1,5	1,8	1,9	2,0	2,0
67-79 " .....	13	19	26	26	24	0,3	0,5	0,7	0,7	0,7
<b>Utdanning</b>										
Ungdomsskolenivå .....	40	45	44	46	46	2,3	3,3	3,3	2,5	2,7
Vidaregåande skolenivå .....	54	58	63	61	61	2,8	3,7	3,5	3,4	2,9
Universitets- og høgskolenivå, kort .....	70	70	79	76	78	5,4	4,2	4,7	3,9	4,2
Universitets- og høgskolenivå, lang .....	77	77	88	81	81	5,4	5,6	5,1	4,9	5,2
<b>Hushaldsinntekt</b>										
1. kvartil .....	47	53	56	56	53	-	3,9	3,5	3,8	3,5
2. kvartil .....	55	61	65	66	66	-	3,9	3,8	3,1	3,0
3. kvartil .....	63	72	71	72	71	-	4,1	4,0	3,5	3,4
4. kvartil .....	75	83	80	81	82	-	5,6	4,6	4,2	4,2
<b>Landsdel</b>										
Oslo/Akershus .....	66	72	78	77	77	4,1	5,3	5,1	4,6	5,0
Austlandet elles .....	57	64	66	64	62	3,3	3,5	4,1	3,0	3,0
Agder og Rogaland .....	66	70	66	68	69	4,0	4,5	3,8	3,5	3,5
Vestlandet .....	59	62	67	65	62	3,8	4,6	3,7	3,6	3,5
Trøndelag .....	57	60	66	68	68	3,0	3,9	3,6	4,1	2,9
Nord-Noreg .....	49	57	60	56	59	2,5	3,6	3,8	3,4	2,9

Kjelde: Norsk mediebarometer 2007, Statistisk sentralbyrå.

**13.9. Sal av DVD. 2003-2007. Millionar kroner**

2003 .....	9,0
2004 .....	11,2
2005 .....	17,4
2006 .....	20,0
2007 .....	22,3

Kjelde: FILM&amp;KINO.



## 14. Radio og TV

### 14.1. Nokre resultat

Radio- og TV-landskapet i Noreg består av fleire aktørar. Data presenterte i dette kapitlet er radio- og TV-kanalar som fell inn under prinsippa for allmennkringkasting. Allmennkringkastarane har blant anna forplikta seg til å ha eit tematisk og sjangermessig tilbod, kome interessa både til breie og smale grupper i møte, og bidra til å styrkje norsk språk, kultur og identitet. Jf. avsnitt 14.2. I Noreg finn ein fire allmennkringkastarar; Norsk rikskringkasting AS, TV2 AS, Kanal 24 Norge AS<sup>1</sup> og P4 Radio Hele Norge ASA.

*Radio* Dei radiokanalane i Noreg som baserer seg på prinsippa for allmennkringkasting og er bort imot riksdekkjande, er 24-timars kanalar, bortsett frå NRK P3. Dei fleste programma har ei nokolunde stabil sendeflate. I høve til programprofilen for 2006 kan det sjå ut som musikkdelen i NRK P1 og P2 har blitt noko redusert med respektive 3 og 1,4 prosentpoeng. Delen nyheiter har auka svakt i begge desse kanalane. Programstatistikken for P3 syner ein motsett tendens, musikk og humorprogramma har fått litt høgare sendetid, mens nyheiter og underhaldningsprogram har lågare sendetid. Sjå tabellane 14.1 og 14.2 for nærare detaljar.

I Allmennkringkastingsrekneskapsen for 2007 har Kanal 24 Norge AS rapportert forpliktande programleveransar for 3 397 sendetimar. Det er litt færre sendetimar enn dei som var rapporterte i fjor. Programoversikta for Kanal 24 (tabell 14.3) viser at programkategorien ”nyheiter og aktualitet” har fått større plass i programprofilen med 969 sendetimar eller 28,5 prosent av alle dei rapporterte timane. Delen for programkategorien ”barn og unge” blei redusert også i 2007 og utgjør 20 prosent av sendeflata.


I Allmennkringkastingsrekneskapsen for 2007 rapporterte P4 Radio Hele Norge ASA programflata for 7 236 timar i 2007. ”Program retta mot trafikantar” er framleis den programkategorien som har størst del av sendeflata i P4 med nær 22 prosent. Prosentdelen er noko lågare enn året før. ”Dagleg breitt kulturmagasinet” blei sendt i 1 252 timar og utgjør 17 prosent av sendeflata. Denne programkategorien har auka frå 8,1 til 17,3 prosent.

Det er vanskeleg å samanlikne programtilbodet i dei ulike radiokanalane då dei ikkje rapporterer etter same klassifiseringsverktøy og heller ikkje rapporterer om heile sendeflata. Jf. tabell 14.4, for nærare detaljar om programma i P4.

*Sendetid i TV-kanalane* Det er to TV-aktørar i Noreg som kjem inn under prinsippa for allmennkringkasting, Norsk Rikskringkasting AS (NRK1, NRK2) og TV 2 AS (hovudkanalen). NRK2 var på lufta nær heile døgnet i 2007. Nær 48 prosent av denne sendetida gjekk som Interaktivt TV (ITV). Mesteparten av ITV-timane er musikk, informasjon og sport. NRK1 sender òg ITV, men i langt mindre grad enn NRK2, berre i 10 prosent av sendetida. NRK1 sende 7 108 timar i 2007, og programpostar som ”informasjon” og ”nyheiter” utgjorde til saman den største delen av sendetida med 33 prosent i 2007. Jf. figur 14.1.

<sup>1</sup> Frå 2008 SBS Radio Norge AS.


Figur 14.1. NRK1 og NRK2. Sendetid, etter programtype. 2005-2007. Prosent



<sup>1</sup> Medrekna kunst/kultur/medium. <sup>2</sup> Medrekna naturprogram, religion/livsfilosofi og vitenskap.  
Kjelde: Medietilsynet, Allmennkringkastingsrapporten 2007.

TV 2 hadde totalt ei sendetid på 6 412 timar i 2007, 222 timar meir enn i 2006. Programflata held seg stabil samanlikna med førre året, 25 prosent av sendetida er framleis nyheiter og aktualitet og 24 prosent er ”norsk underholdning, drama, barne-TV og fakta”. Heller ikkje TV-kanalane rapporterer etter same klassifiseringsverktøy, det er derfor vanskeleg å gjere samanlikningar når det gjeld innhald.

Figur 14.2. TV2. Sendetid, etter programtype. 2000-2007. Prosent



Kjelde: TV 2 AS.

**Målform** NRK har eit spesielt krav når det gjeld bruk av målformer i radio og TV-kanalane sine, då selskapet er offentleg eigd og lisensfinansiert. I NKR radio blei det tala bokmål i 61 prosent av sendetida i 2007. Jf. tabell 14.7. Dette er ein litt større del enn i 2006. Både bruken av nynorsk og dialekt er gått ned siste året. I fjernsynet er tendensen litt annleis. Sjølv om bokmåldelen framleis er størst, har han gått ned med 1,5 prosentpoeng og utgjør 69 prosent av sendetida. Dialektdelen har gått litt opp siste året, mens nynorskdelen har gått svakt ned. TV 2 har etter konsesjonsvilkåra ikkje krav om ein fast nynorskdel, men har pålegg om å bruke begge målformene. Og Kanal 24 er pålagt å nytte begge dei norske målformene utan krav til fast nynorskdel, dessutan å arbeide for å få til ei brei samansetning av dialektar frå heile landet. P4 er etter konsesjonsvilkåra bunden til at 30 prosent av verbalinnslaga ikkje skal vere på bokmål. (Allmennkringkastingsrapporten, kringkastingsåret 2007).


**Konsesjonar og fjernsynslisensar** Talet på konsesjonar for drift av lokalfjernsyn har halde seg stabilt dei siste åra. Talet på konsesjonar for lokalradio har òg vore stabilt med rundt 250 konsesjonar, 246 konsesjonar har vore i drift i 2007. Talet for konsesjonar er så godt som mogeleg fordelt etter fylke, men nokre konsesjonsområde går over i kvarandre.

Per 31. desember 2007 var det registrert 1 852 000 fjernsynslisensar, 44 000 fleire enn i 2006. Dei siste fem åra har talet på lisensar auka med nær 94 000. Jf. tabell 14.9.

**Bruk av radio og fjernsyn** Det går fram av tal frå Norsk mediebarometer 2007 at 82 prosent av befolkninga såg på fjernsyn ein gjennomsnittsdag i 2007, mens 53 prosent lytta til radio. 49 prosent såg på TV 2 ein gjennomsnittsdag, mens NRK-kanalane til saman hadde ein sjåardel på 48 prosent. NRK P1 hadde flest lyttarar med 25 prosent ein gjennomsnittsdag i 2007, 1 prosentpoeng høgare enn i 2006. P4 hadde ein lyttardel på 16 prosent i 2007, eitt prosentpoeng lågare enn i 2006.


55 prosent av dei som hørde på radio ein gjennomsnittsdag, hørde nyheiter og 63 prosent av alle fjernsynssjåarane såg nyheiter på fjernsyn i 2007. På fjernsynet er TV-seriar framleis populære, 40 prosent såg på seriar ein gjennomsnittsdag. Underhaldningsprogram i radioen hadde ein lyttardel på 41 prosent ein gjennomsnittsdag.

**Figur 14.3. Radiolytting blant personar 7-79 år ein gjennomsnittsdag. Lyttardelar i prosent. 1997-2007**



Kjelde: Norsk mediebarometer 2007.

**Figur 14.4. Fjernsynssjåing blant personar 7-79 år ein gjennomsnittsdag. Sjåardelar i prosent. 1997-2007**




<sup>1</sup> I 2007 var det også 2 prosent som så på TV2 nyhetskanalen og 1 prosent på NRK3 frå september 2007.

Kjelde: Norsk mediebarometer 2007.

Når det gjeld TV-sjåing blant kvinner og menn ein gjennomsnittsdag i 2007, går det fram at det var menn som såg mest TV. Menn brukte 158 minutt på TV-sjåing ein gjennomsnittsdag, ni minutt lengre enn i 2006. Tida kvinnene har brukt framfor TV-en har gått ned med eitt minutt frå 2006 til 146 minutt. Menn hørde mest på radio i 2007, 84 minutt på ein gjennomsnittsdag. Til samanlikning brukte kvinnene 76 minutt.

**Figur 14.5 Minutt brukt til radiolytting og fjernsynssjåing ein gjennomsnittsdag, etter kjønn. 2001-2007**



Kjelde: Norsk mediebarometer 2007.

## 14.2. Radio- og TV-statistikken

Tala presenterte i figurane og tabellane er delvis henta frå aktørane sjølve eller frå Allmennkringkastingsrapporten 2007. I allmennkringkastingsrapporten evaluerer Medietilsynet programtilbodet til dei ulike allmennkringkastarane. I talmaterialet som ligg føre, må ein leggje til grunn at dei ulike allmennkringkastarane har ei einsarta kategorisering av programområda frå år til år, slik at det er mogelig å gjere samanlikningar.

### Allmennkringkasting

Nokre av prinsippa for allmennkringkastingskanalane:

- ”Sendingane skal kunne mottas av heile befolkninga.
  - Sendingane skal innehalde ein variert programmeny med program for så vel breie som smale lyttar- og sjåargrupper, herunder barn og unge, den samiske befolkningsgruppa, etniske og andre minoritetar.
  - Det skal vere daglege nyheitssendingar og solid, løpande orientering om viktige samfunns- og kulturspørsmål, nasjonalt og internasjonalt.
